

20/11-92

Til planavdelingen v/ Noralf Skilbrei

OPPDRAK:

HP.8

UTTALE OM VAL AV PÅHOGG FOR TUNNEL FOR RV. 15 VED BRUNSVIKA

Det føreligg rapport frå NGI, datert 4/11-92.

Vedlagt aktuell side frå "Rasregistrering 1975-82" som viser registreringar i 1981 og 1982.

Ifølgje registrering som driftsavdelinga no fører så har det ikkje gått steinsprang eller ras i Brunsvika i perioden frå 1986 til i dag.

Ved påhogg B og C peikar NGI-rapporten på ei mogeleg sikring av raspartiet med steinspranggjerde. Steinspranggjerde vil vera lite eigna her fordi terrenget er ujamnt og dominert av eit gjel. Gjelet kan samla store steinmassar. Tenestemenn ved driftsavdelinga opplyser at det etter raset i 1982 vart køyrt bort ca. 90 lastebillass med stein. Så store steinmassar talar også imot steinspranggjerde.

NGI-rapporten tilrår påhogga B og C alternativt sikra med rasoverbygg på høvesvis 130-140 meter og 60- 70 meter. Økonomisk sett vert difor påhogga venteleg nokså like.

Med omsyn til rassikring så er påhogg D best.

Hermansverk 20.november 1992

Svein Helge Frækaland
Svein Helge Frækaland

Kopi: Arkiv Laboratorieseksjonen, EIV